

HAREID KOMMUNE



REGLEMENT FOR UTBETALING AV PARTI/ GRUPPETILSKOT I HAREID KOMMUNE

Vedteke av Hareid kommunestyre 25. mars. 2021

REGLEMENT FOR UTBETALING AV PARTI/ GRUPPETILSKOT I HAREID KOMMUNE

Vedteke av Hareid kommunestyre 25. mars 2021 i sak 30/21

Formål:

Partitilskotet bør i hovudsak gå til å dekke utgifter til opplæring av medlemmane og administrative kostnader.

Utrekning

Dei årlege løyvingane til partistøtte må fastsettast i siste heile år i kommunestyreperioden. Vedtaket skal gjelde for utbetalingane dei neste fire åra.

10 prosent av løyvingane går til å betale gruppestøtte. Denne potten blir delt likt på alle gruppene/partia som blei valt inn i kommunestyret. Gruppetilskotet blir betalt ut til parti/gruppeorganisasjonane samla for heile fireårsperioden i kommunevalåret.

Resten av tilskotet (90 prosent) blir fordelt ut frå kor mange faste medlemmar partiet/gruppa har i kommunestyret.

Endringar i partisamansetning

Gruppestøtta blir rekna ut uavhengig av talet på medlemmar og blir betalt ut i starten av ei valperiode. Denne støtta vil derfor følgje det opphavelige partiet/gruppa.

Dersom ein medlem melder overgang til anna parti/gruppe – og denne gruppa/partiet aksepterer dette – vil representantstøtta gå til dette partiet/gruppa. Merk: Representanten vil for andre formål bli rekna som uavhengig.

Utbetalingsmåte

Støtta blir betalt ut til parti/gruppeorganisasjonen. Unnataket er uavhengige representantar som får utbetalt over lønnskonto.

Utbetalingstidspunkt

Partitilskotet skal betalast ut i september kvart år, eller etter kommunevalet i valår.


Samansetninga av kommunestyret på utbetalingsdato skal ligge til grunn for fordelinga av representantstøtte. Gruppestøtta blir betalt ut på grunnlag av samansetninga etter kommunevalet.

Overgangsordning

Fordelinga mellom representantstøtte og gruppestøtte vil fyrst gjelde frå og med 2023. I åra 2021 og 2022 vil 100 prosent av tilskotet blir betalt som representantstøtte. I 2021 og 2022 er ikkje kommunestyret bundne av tidlegare løyvingar når dei skal fastsette partitilskotet.

Kontroll

Utbetaling av partitilskot er tillitsbasert. Det vil ikkje bli ført kontroll om partia/gruppene/representantane nyttar tilskotet etter formålet, jf. partilova paragraf 10, fjerde ledd.



Reglement for folkevalde og folkevalde organ